

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020**

**Gunnar Moland (H)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er varastyremedlem i IS Fjordvegen AS. Moland trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Moland var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Arve Helle (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Haukelivegen AS. Helle trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Helle var inhabil til å delta i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

Medlemer og varamedlemer i interesseutval vart vurdert av fylkestinget til å vere habile, og deltok i saksbehandlinga.

**Trym Aafløy (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3:

Vestland fylkeskommune forblir medlem i a), b) og f).»

### **Avrøysting**

Det var 64 medlemer til stades.

Innstillinga punkt 1,2,4, 5 og punkt 3 a), b) og f) (likt med Aafløy sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 c), d) og e) vart vedteke mot 6 røyster (FNB).

### **Vedtak**

1. Fylkeskommunen held fram med si deltaking i Stamvegutvalet E39. Fylkestinget ber fylkesordførar gå i dialog med dei aktuelle partane for å finne ut om det er interesse for å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.
2. Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5).
3. Fylkeskommunen vidarefører sitt medlemskap i følgjande organisasjonar/selskap:
  - a) Stamvegutvalet E16
  - b) Forum nye Bergensbanen
  - c) Haukelivegen AS
  - d) IS Fjordvegen AS
  - e) Stad skipstunnel
  - f) Nasjonal rassikringsgruppe
4. Vestland fylkeskommune deltar i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer det same.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen avklare samarbeidsformer med transportetatane for store statlege prosjekt, for m.a. koordinering av arbeidet i kontaktutval/selskap og i referansegrupper.